

ÅRSMELDING I FRIIDRETTSGRUPPA I LÆRDAL IL 2020

STYRET:

Bjørghild Holien (leiar)

Anders Inge Hundere (kasserar)

Rune Dvergsdal (styrmedlem)

Me vel å fokusere på dei positive innslaga i coronaåret 2020. Alle arrangementa i friidrettsgruppa vart halde etter FHI sine retningslinjer.

STOREHAUGEN OPP:

I staden for å avlyse årets SHO arrangerte me eitt alternativt SHO . Dei som ville delta, kunne gå ein dag mellom 1.mai og 1. september og registrera seg pr mail eller gjennom SjekUt appen. Me hadde eit stort lager av t-skjorter frå tidlegare år i ulike fargar og størrelsar . Dei som ynskte kunne kjøpe T-skjorte etter gått tur. Mange hadde slite ut t-skjorta si eller dei mangla enkelte årgangar so dette alternativet slo an. Om lag 100 deltok på denne alternative SHO, dei fleste var lokale .Enkelte tok og si eige tid og denne vart registrert uoffisielt

Norsk friidrettsforbund trekte fram Lærdal IL ved friidrettsgruppa sin variant av å arrangere i staden for å avlyse på sidene sine.

GALDANE RUNDT:

Galdane Rundt vart arrangert laurdag 19.september etter gjeldande smittevernreglar. For å oppretthalde 1 m`s avstand og begrense antal folk samtidig, vart det puljestart og ikkje kiosk eller garderobemogelegheiter på årets løp. Mosjonistane starta noko tidlegare enn vanleg og desse fekk medalja si og reiste att.

Konkurranseklasse starta frå kl 13 og utover . Tidene, opplevingane og konkurransen var like bra for det.

56 stilte til start i konkurranseklasse og 75 mosjonistar deltok. Antal mosjonistar var noko lågare enn vanleg. Maritha Hestetun frå IL Jotun vann dameklassa og sette personleg rekord på tida 40:42 minutt.Lars Martin Melheim, Olden Il vann herreklassa på 33:13 min. Veldig flott at so mange unge Lærdøler trenar i løypa og spring på tid.

Utøverane sette pris på at det vart arrangert ein konkurranse når alt anna var avlyst.

Friidrettskretsn var og imponerte over korleis me hadde fått det til. Konurransen fekk brei omtale i media.

IDRETTSMERKETAKING: 15 trufaste og spreke Lærdøler tok idrettsmerke i haust.

Utøverane kunne ta idrtettsmerke fordelt på fleire kveldar og det var ingen problem å arrangere merketakinga i henhold til gjeldande smittevernreglar. Innsatsen var god og alle som prøvde, klarde merket.

FLAGG PÅ STOREHAUGVARDEN:

Etter at me arrangerte Storehaugen Opp i 2009 har Kjell Hiller ivra etter å få sett oppatt ei flaggstong og flagg på Storehaugen slik ein gutegjeng hadde laga og sett opp på slutten av 1950 talet.

Prosjektet vart finansiert av Storehaugen Opp kontoen og me leigde Marita Måseidvåg til å sy flagget etter originalbildet. Hallvard Hagheim var fagmann på prosjektet og i lag med fleire medhjelparar vart det bora, støypt, bore opp og sett opp ei 8 m flaggstong med flagg nedpå varden 5 min i frå toppen av Storehaugen. Det var høgtideleg flaggheising 16. september, men hard austavind rikla laus eine festet utover hausten. Etter forsterking av fundamentet vart det ny flaggheising 31. oktober. For å bevara flagget gjennom vinteren tok me den inn i lavoen og hengde opp ein vimpel.

Til våren blir Storehaugen Opp flagget på nytt heist. Dette kan sjåast frå Øyri både med og utan kikkert. Håpar mange vil ta turen nedom varden for å nyte utsikta og sjå flagget.

Friidrettsgruppa er godt nøgd med å ha hatt so god aktivitet i 2020.

Tusen takk for flott innsats til utøvarar og medhjelparar i coronaåret 2020!
Me ynskjer velkomne til nytt idrettsår med dei vanlege arrangementa våre når myndigheitene tillet det!

Lærdal, 20/2-2021

Bjørghild Holien

